

## Metoderapport

### «Rundhovde/Kloster-saka»

#### 1. Samandrag:

**19. oktober 2002** kunne Haugesunds Avis fortelje lesarane at Kvinnherad-ordførar Aksel Kloster hadde teke styringa over næringsverksemda til oppdrettspioneren Endre Rundhovde (78) frå Bømlo. Kloster hadde fått ei rolle som rådgjevar for Rundhovde.

Gjennom sal av oppdrettskonsesjonar hadde oppdrettspioneren tidlegare sikra seg inntekter på fleire titals millionar. Korkje den næraste familien til Rundhovde (kona/sonen) eller det politiske miljøet i Kvinnherad kjente til at ordføraren hadde fått alle fullmakter frå Rundhovde før saka sto i Haugesunds Avis.

**I over eit år** har avisa no fylgt spelet om oppdrettspengane. Saka har vore omtalt i avisa til saman 115 gonger i 2002 og 2003 og heldt fram med buhandsaming og politietterforsking i 2004. Utviklinga i 2003 har til fulle dokumentert verdien av arbeidet med saka hausten 2002.

Kloster og ein nær kompanjong frå Skånevik, Anna Emmerhoff Nilsen, pressa mellom anna Rundhovde til å kjøpa Skånevik Fjordhotel som seinare gjekk konkurs.

**Etter at Haugesunds Avis** rulla opp saka hyra familien til Endre Rundhovde ein tidlegare bankmann, Njål Kolbeinstveit frå Stavanger, for å freiste å finna ut kvar pengane tok vegen. Kolbeinstveit har ikkje funne forklaring på bruk av vel 10 millionar kroner. Han arbeider framleis (2004) med saka.

Endre Rundhovde vart i Sunnhordland tingrett 5. september 2003 slegen personleg konkurs etter eit skattekrav på nær 12 millionar frå Bømlo kommune.

**Aksel Kloster vart vraka** som ordførarar etter kommunevalet i september 2003 og politiet har sett i gang gransking av saka.

Familien til Rundhovde freista i 2003 å få retten til å umyndiggjere han. Det vart forlik der svigerinna til Rundhovde, Reidun Olsen, som fekk vide fullmakter.

Oppdrettspioneren har konsekvent omtala Haugesunds Avis som «lygn- og lygenytt». Avisar har og vore meldt til politiet og truga med injuriersak, men dette er trekt attende.

*2. Journalistar:*

Arne Frøkedal og Joar Grindheim

*3. Tittel på prosjektet:*

«Rundhovde/Kloster-saka»

*4. Kvar publisert:*

Haugesunds Avis

*5. Redaksjon/adresse:*

Haugesunds Avis  
Karmsundgata 74  
5504 Haugesund  
Tlf. 52 72 00 00

*6. Journalistane si adresse/telefonnr.:*

Arne Frøkedal  
Redaksjonen,  
Haugesunds Avis,  
5504 Haugesund,  
Tlf. dir.: 52 72 06 36  
Mail: arne.frokedal@haugesunds-avis.no

Joar Grindheim  
Redaksjonen,  
Haugesunds Avis,  
5504 Haugesund,  
Tlf. dir. 52 72 05 88  
Mail: joar.grindheim@haugesunds-avis.no

Vedlegg utval av artiklar som syner utviklinga i saka:

- 19.10.02: Imperium i Aksel Klosters grep (2 sider)
- 21.10.02: - Kloster burde informert + Berre plass til ein ordførar
- 24.10.02: Kloster vil trekkja seg ut + Fekk posisjonar +  
- Eg er ikkje bilseljar
- 23.11.02: Spel om millionar + Tok ut 7,5 mill. nyttårsaftan  
+ Kloster nektar for uttak + Oppdrettsformue  
svidd av

25.11.02: Hotellkjøp til overpris  
25.11.02: Melder Haugesunds Avis til politiet  
26.11.02: Ber Kloster ta permisjon + «Erklæring  
vedrørende innhold i artikkel i Haugesunds  
Avis» + sak om fullmakt  
28.11.02: Ser på Klostersaka  
29.11.02: Krev ei krone i erstatning  
04.12.02: Hjelpesmannen Aksel Kloster (innlegg frå  
familien til Rundhovde)  
04.12.02: Familien tar til motmæle  
05.12.02: Sakshandsamar for styrekollega  
19.12.02: Rasar mot rådgjevaren + Ber Arbeiderpartiet om  
hjelp  
20.12.02: Skreiv brev for å skaffa lån  
21.12.02: Ingen dramatik for banken + Varslar rettsleg  
etterspel + Saka er partiet uvedkommande  
31.12.02: Forlikt med hotellsjefen  
04.01.03: Skånevik Fjordhotel: Kan mista pantelånet  
13.01.03: Hotellstaben orkan ikkje meir + -Plikt til å jobbe  
for verksemda + Eigarane overtok aksjane gratis  
+ Mange eigarskifte  
14.01.03: Sår tvil om overdraginga + Måtte gi opp +  
Fekk også banken  
23.01.03: Heldt eigarskapen hemmeleg + Visste om over-  
draginga i sommar + Dei tilsette støttar familien  
+ Annonserer hotellet for sal  
28.01.03: Tregar ikkje på noko  
05.04.03: Ny start for omstridd hotell  
13.08.03: - Har gjort opp med meg sjølv  
03.09.03: Begjærer Rundhovde konkurs + Retten kan være  
inhabil  
06.09.03: - No vil eg flytte heim att (Rundhovde konkurs)  
12.09.03: Politiet inn i Rundhovde-saken  
08.10.03: - Vet ikke mer om boet ennå  
11.10.03: Rundhovde tier om millioner  
03.01.04: - Eg fekk røyna meg